

Avsender: Mattilsynet  
Postboks 383  
2381 Brumunddal

22-January-2018

22

Lindås kommune Egedomsdrift  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
22 JAN 2018	
Ark_saksnr. 17/273	Løpnr.
Saksh.	Tilgangskode

## Tilsynsrapport

Vedlagt følger dokument fra Mattilsynet.

Har du spørsmål kan du kontakte oss ved å sende e-post til [postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no) eller ringe 22 40 00 00.



LINDÅS KOMMUNE  
Lindås kommune Eigedomsdrift  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

Dykkar ref:  
Vår ref: 2018/012308  
Dato: 12. januar 2018  
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

## Tilsynsrapport

Vi viser til inspeksjonen hos Lindås kommune Eigedomsdrift 12. desember 2017.

Inspeksjonen blei utført av seniorrådgiver Brita Toppe. Gartner Herman Winnem, fagansvarlig idrett og grønt Atle Vaage og avdelingsleder drift og vedlikehold Knup Hopland var til stades under inspeksjonen.

### Tilsynet omfatta

- plantevernmidler - andre aktører

### Oppsummering av inspeksjonen

Mattilsynet gjennomførte i 2017 tilsyn med aktørar som brukar plantevernmidler på offentlege areal, deriblant dykk. Vi såg på om bruken av plantevernmidler er i samsvar med krava i forskrift om plantevernmidler.

De hadde god kjennskap til krava i regelverket, de merkar når de sprøyter på offentlig areal, de fører sprøytejournal, brukar verneutstyr og dei som gjennomfører sprøytearbeidet har autorisasjon. Vårt hovudinstrykk er at dykkar bruk av plantevernmidler er i samsvar med krava i regelverket.

Vi snakka om kva som kjem inn under definisjonen "barns leikeareal". Det er avklart at t.d. skuleplassen kjem inn under denne definisjonen sjølv om skulen har ferie. De må elles bruke skjønn for å vurdere om eit areal er "barns leikeareal".

I den nye forskrifta er det krav om skriftleg vurdering for integrert plantevern samt skriftleg vurdering for å redusere risikoen for forureining av vatn. De hadde ikkje etablert skriftlege rutinar for slike vurderingar og vi påpeikar plikta de har til dette.

Plantevernmidla var oppbevart etter krava i forskrifta, men skapet manglar merking med giftmerke og ordet GIFT. Vi påpeikar den plikta de har til å merke skapet med dette.

### Påpeiking av plikt

Mattilsynet fann forhold som ikkje er i tråd med regelverket. Vi minner om at de har plikt til å følgje regelverket på alle punkt.

Vi har observert:

Skapet der plantevernmiddel var oppbevart manglar tydeleg merking med giftmerket og ordet "GIFT"

Mattilsynet vurderer dette slik:

I forskrift om plantevernmiddel § 24. er det krav om at yrkespreparat skal oppbevarast i hht merkinga på preparatet og i tett og avlåst skap eller rom som er **tydeleg merka med giftmerke og ordet «GIFT»**. Skapet dykkar var i god orden, men det var ikkje merka med GIFT. Vi vurderer at det er viktig at skapet er merka, først og fremst med tanke på informasjon til uvedkommande om innhaldet i skapet. Formålet med krava i regelverket er mellom anna å redusere risiko for menneske- og dyrs helse. Vi påpeikar derfor den plikta det har til etterkomme dette kravet og merke skapet.

Vi har observert:

De manglar skriftleg vurdering for integrert plantevern samt skriftleg vurdering for å redusere risikoen for forureining av vatn.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Plantevernmiddeforskriften § 26 har krav om at brukarar av yrkespreparat skal sette seg inn i og bruke dei generelle prinsippa for integrert plantevern som føl av vedlegg 2. Når de brukar yrkespreparat skal de føra journal kor det går fram kva vurderingar som er gjort, eventuelle prinsipp som er brukt og grunngjeving for dei val som er tatt.

**Sjå regelverk og rettar.**

Med helsing

Aslaug Sandvin  
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Vedlegg:  
Regelverk og rettar

## Regelverk og rettar

### Mattilsynet kan føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak

Mattilsynet har heimel i lova til å føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak. Heimelen i denne saka er matloven § 23.

### Du har rett til å få rettleiing om regelverket

Dette betyr at du kan kreve å få vite kva for regelverk som gjeld, kvar du finn regelverket og korleis ein skal forstå regelverket. Mattilsynet kan ikkje gje konkrete råd om korleis du skal oppfylle regelverket. Plikt til å rettleie følger av forvaltningslova § 11.

### Vi har vurdert saka etter dette regelverket

- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven )
- FOR 2015-05-06 nr 455: Forskrift 6. mai 2015 nr. 455 om plantevernmidler (forskrift om plantevernmidler )

### Vi har funne brot på desse reglane:

- Forskrift om plantevernmidler § 26 Integrrert plantevern
- Forskrift om plantevernmidler § 24 Oppbevaring av plantevernmidler

